

Professor Mikjel Sørлие og fru Aslaug Sørlies legat til gransking av gammal Valdreskultur STI

VEDTEKTER

§ 1

Namnet på legatet er *Professor Mikjel Sørлие og fru Aslaug Sørlies legat til gransking av gammal Valdreskultur STI*. Legatet er oppretta ved testamente av 10. mars 1975.

§ 2

Legatet har kontor i Nord-Aurdal med adresse Valdresmusea, Tyinvegen 27, 2900 Fagernes. Styret for legatet skal ha tre medlemer. Den eine skal vera direktøren for Valdresmusea. Den andre skal vera formann i Valdres Historielag eller ein annan kunnig person som laget vel. Den tredje skal vera ein interessert representant for slekta som museumsstyret peikar ut.

§ 3

Legatmiddelen er ved opprettinga kr 663 510,- og skal vera urørleg og plasserast av styret på best mogeleg vis til så god rente som råd er, men med fullgod tryggleik for kapitalen. Rentene skal brukast til slike føremål som er nemnt i § 4. Ein mindre sum kan brukast til driftsutgifter.

Midlane vert delt ut etter søknad kvart år eller i det minste anna kvart år. Styret kunngjer legatet på høveleg måte. Dersom det ikkje er nok høvelege prosjekt etter ei kunngjering, skal ledige midlar setjast av til ein fri kapital, som med renter og renters rente skal nyttast til føremålet eit seinare år, eller leggjast til kapitalen.

§ 4

Mikjel og Aslaug Sørлие har i testamente, dagsett 10. mars 1975, bestemt at rentene av legatet skal brukast slik: Vi legg stor vekt på at rentene av legatet blir brukt til å fremja kvalifisert granskararbeid (herunder også språk- og stadnamnstudier) og eventuelt til prenting av faglege publikasjonar ved museet.

§ 5

Styret for legatet skal syta for at det vert ført rekneskap over inntekter og utgifter, eigendelar og gjeld. Valdresmusea er forretningsførar.

§ 6

Styret vel revisor til å revidere rekneskapen.

§ 7

Elles vert det vist til lov frå 23.5.1980 nr. 11 om stiftingar, og dei endringane som følgjer med prop. 41 L (2023 –2024) Endringer i foretakslovgivningen mv.

Fagernes, 30. april 2025